Dei fleste godkjende reguleringsplanar skal gjelda vidare og kommuneplanen vil vera supplerande for desse. Når ikkje anna er bestemt, gjeld denne planen føre eldre reguleringsplanar og utbyggingsplanar, men fell bort om den kjem i strid med planar som vert gjort gjeldande seinare enn stadfestinga av denne planen.

#### 2.3.1 Bebyggelsesplanar: krav om reguleringsendring etter ny PBL 2008

ID	PlanID	områdenamn	Areal (da)	Hovud føremål	Status
I05	1997005	Sløvåg BOT, Utbyggingsplan for gnr 63 bnr 1 inkl. faresone 400 meter	561	industri	Utbygd, resterande del ny RP
I05	2002001	Sløvåg Industriområde Nord, bebyggplan for 63/22	228	Industri	Pågår ny sjå RP 2013001 2013002 2013003

#### 2.3.2 Eldre reguleringsplanarar etter PBL 1985 og eldre, mulig revisjon

ID	PlanID	områdenamn	Areal (da)	Hovud føremål	Status og Forslag
FO	1984001	Dalsøyra sentrum, parti av	5	næring	utbygd
F41	1988001	Mjellneset	162	fritidshus	Nesten utbygt 3 ledige tomtar
KB14	1989001	Brekke, Areal for rutebilane	8	næring	Innspel til ny føremål RP endring
B46	1990001	Tausevågen bustadfelt Gbnr 95/19+	21	bustad	Ikkje starta, oppdatering jf PBL
AB04	1995001	Reguleringsplan for Levra	83	kultur	sjå KP – omsynssone kultur
AB05	1995002	Reguleringsplan for Barvåg	75	kultur	sjå KP – omsynssone kultur
V02	1996001	Ytre Oppdal, ferjekai	37	ferjekai	Resterande del
FT	1997001	Sæternes hytter	28	turisme	Ikkje starta bygging
V	1997006	Fv 4 Skiparvik-Ånneland	77	veg	Ikkje starta Bygging
F21	1997007	Hyttefelt i Dinja	140	fritidshus	utbygd
B22	1998001	Gang/sykkelveg Brekke-Orknes	11	Bustad+	Utbygd, ledige



ID	PlanID	områdenamn	Areal (da)	Hovud føremål	Status og Forslag
				veg	bustad tomtar
F43	1999002	Reguleringsplan for hytter m.m. på gnr 91 bnr 1, Mjømen	102	fritidshus	Utbygd
B55	1999004	Reguleringsplan for gbnr 95/24, Børtnes	10	Bustad + offentlig teneste	mindre endring
F62	2000001	Reguleringsplan for del av gnr 118 bnr 10 Ytre Oppedal	12	fritidshus	Ikkje starta, oppdatering jf PBL
B26	2001002	Reguleringsplan Brekke gnr 128/1	11	bustad	Utbygd
V	2002004	veg til Kyrkjøyna, Gbnr. 6/1 og 13	15	veg	Delvis endring
SB26	2003002	Halsvik, Gnr. 62 Bnr. 1	4	Bustad mm	Endring av plan
FT10	2004002	Oppedal Indre, Gnr. 117 bnr. 25, delar av	4	turisme	Utbygd
AK04	2004003	Instefjord, Gnr. 121	23	næring	Varsla endring Krav om RP endring
F59	2004004	Fallebø felt C, Gnr. 13 Bnr. 1/2	65	fritidshus	Mindre endring
B30	2005006	Haveland, Gnr. 27 Bnr. 1	72	bustad	Mindre endring
B59	2006001	Byrknes, Gnr. 95 Bnr. 26, del av	17	bustad	Utbygging pågår
FT08	2006004	Skjerjehamn, Gnr. 85 Bnr. 2 og 3	43	næring	Oppdatering endringar Krav om RP endring
B63	2006010	Mjømna Gnr. 91 Bnr. 17	58	Bustad fritidshus	Delvis utbygd
F48	2006015	Reguleringsplan Gnr. 94 Bnr. 93 Bremnes	255	fritidshus	Delvis utbygd

Detaljregulering etter PBL 2008, avviste planar #

ID	PlanID	områdenamn	Areal (da)	Hovud føremål	Status Forslag
SB32	2005007	Krekebærtua, Gbnr 94/5 Bremnes	111	Fritidshus	Motsegn — SB føremål
F18	2006002	Fløid aust, Gbnr 23/2	166	Fritidshus mfl.	Motsegn Krav om ny RP
LNF	2007003	Myrneset, Gbnr 27/1	37	Fritidshus	Motsegn RP avvising i eige sak
FT04	2009002	Fløneset nord, Gbnr 99/10	30	Turisme	RP avvist, krev / ny alternativ

2.3.3 Detaljregulering etter PBL 2008, krav om regulering (RP) planarbeid pågår

ID	PlanID *	områdenamn	Areal (da)	Hovud føremål	Status Forslag
F14	2008001	Taskebotn, Gbnr 15/83	29	Fritidshus	RP pågår
F11	2009005	Dingeneset, Sør, 14/3,6	550	Fritidshus, bustad	RP pågår
F05#	2010008	Nappen hyttefelt, Gbnr 92/1	721	Fritidshus	RP pågår

ID	PlanID *	områdenamn	Areal (da)	Hovud føremål	Status Forslag
				bustad	
F07	2011001	Storevågsneset, Brandanger	89	Fritidshus	RP pågår
I05	2013003	Gulen industriområde, Sløvåg	1211	Industri	RP pågår
SB06	2014002	Spreidd bygg i Brandanger	103	Spreidd bygg	RP pågår
V01	2014003	Veg Skipavika	129	Veg	RP pågår
N04	2014006	Oppdrettsanlegg Brekke	223	Næring	RP pågår

\* Fotnote: planID står i parentes etter «RP» i kart. Eksempel RP (2014006)

Dersom det er enno ikkje starta opp detaljregulering står det berre RP for aktuelle områda med krav om regulering.

Sjå tabell for omsynssone som viser sone der gjeldande reguleringsplanar skal framleis gjelde, ifølgje § 11-8, f).

#### 2.3.4 Bebyggelsesplan: skal framleis gjelde

ID	PlanID	områdenamn	Areal (da)	Hovud føremål	Status
T07	1998002	Eivindvik Eldresenter	5	Offentlege tenesteyting	Utbygd

#### 2.3.5 Eldre reguleringsplan etter PBL 1985 og eldre: skal framleis gjelde

ID	PlanID	områdenamn	Areal (da)	Hovud føremål	Status
B+T	1969001	Tynning bustader og eldresenter	20	Bustad	delvis utbygd
B36	1977001	Lihaug II	16	bustad	delvis utbygd
F57#	1977002	Svehaugen hyttefelt disp. plan	95	Fritidshus	delvis utbygd
F68#	1978001	Sande hytter disp. plan	36	Fritidshus	delvis utbygd
F69#	1979001	Tunsberg hytter disp. plan	43	Fritidshus	delvis utbygd
F45#	1980001	Vikingsvåg hytter,93/1 disp.plan	291	Fritidshus	delvis utbygd
F46#	1981001	Båevågen hytter,94/1 disp.plan	112	Fritidshus	delvis utbygd
F67#	1982001	Fivelsdal hytter 78/49 disp. plan	21	Fritidshus	delvis utbygd
B18	1984002	Reguleringsplan for Orknes	28	bustad	delvis utbygd
B03a	1985001	Hovden I bustadfelt	40	bustad	delvis utbygd
T	1995003	Brekke skule	16	skule	utbygd
V	1997002	Sæternes veg	5	veg	utbygd
B16	1997003	Ytre Stranda bustadfelt	19	bustad	delvis utbygd
B37	1997004	Stølsåsen bustadfelt, Dalsøyra	13	bustad	delvis utbygd
B47	1999008	Gåta bustadfelt med mindre endring	36	bustad	delvis utbygd mindre endring
MU02	1999009	Utviding av steinbrot i Sløvåg Industriområde	654	industri	gjeldande
F58	2000002	Fallebø	114	fritidshus	delvis utbygd
F38	2001003	Del av klokkeide og Nyborg	59	fritidshus	delvis utbygd
F09a	2001004	Nyborg endring	191	fritidshus	delvis utbygd
KB24#	2002003	Ånneland, del av	188	fritidshus	delvis utbygd mindre endring
F66	2003003	Kittelsvik, Gnr. 90 Bnr. 1, delar av	23	fritidshus	delvis utbygd
V	2004006	fylkesveg Sollibotn-Dingja	90	veg	utbygd
V	2004008	FV 4 Sløvåg-Ånneland	236	veg	utbygd
B18	2005003	Orneset, Gnr. 130 Bnr. 1, del av	13	bustad	delvis utbygd

ID	PlanID	områdenamn	Areal (da)	Hovud føremål	Status
F42	2005004	Fivelsdal, Gnr. 78 Bnr. 6	86	fritidshus	delvis utbygd
B62	2005005	Mjømna, Gnr. 91 Bnr. 17	27	Bustad fritidshus	delvis utbygd
F49	2006003	Byrknes, Gnr. 95 Bnr. 28	45	fritidshus	delvis utbygd
F47	2006005	Naustvågen. Gnr. 94 Bnr. 91	199	fritidshus	delvis utbygd
FT09	2006007	Brekkestranda, Gnr. 129 Bnr. 19	44	næring	byggjast
G+..	2006009	Tusenårsstaden Flolid, Gbnr 23/1+	642	kultur	utbygd
V	2008002	Sløvåg ferjekai RV.57	42	ferjekai	utbygd
F23	2009001	Mjåneset, Gnr 15 Bnr 9 m.fl.	14	fritidshus	utbygd

### 2.3.6 Detaljregulering etter ny PBL 2008: skal framleis gjelde

ID	PlanID	områdenamn	Areal (da)	Hovud føremål	Status
FT03	2008003	Botnen campingplass, Gbnr 135/1+13	66	Næring	delvis utbygd
V	2009003	Instefjord vegkryss e39-fv1, Gbnr 121/8	136	Veg	delvis utbygd
V	2010010	kabelferje Mjåneset Hiserøyna	254	Ferjekaiar	utbygd
F22	2011002	Sollibotn Hyttegrend Gbnr. 15/201, endring	252	Fritidshus	delvis utbygd
F19	2011006	Tuvika hytter Gbnr. 83/4 mm, Vatsvik	41	Fritidshus	Mindre endring
B07	2012003	Øvre Stølen I,II,III bustadfelt, mindre endring	113	Bustad	utbygd

### 2.3.7 Eldre reguleringsplan etter PBL 1985: skal framleis gjelde – varigheit har ingen frist

ID	PlanID	områdenamn	Areal (da)	Hovud føremål	Status
F63	2004001	Grinde nedre, GNR. 55, bnr. 23, delar av	57	Fritidshus og buss stasjon	Ikkje starta opp bygging for hytter
B49	2004012	Byrknes, Gbnr 95/7,	8	Bustad	Ikkje starta opp bygging
V	2005002	privat veg Grima-Koksøy	71	Veg	Ikkje starta opp bygging
SA	2006012	Dingja, reguleringsplan for gnr 14 bnr 30	6	Naust småbåt-anlegg	Ikkje starta opp bygging
B03a	2007002	Hovden bustadfelt II	77	Bustad	Bygging pågår

### 2.3.8 Detaljregulering etter ny PBL 2008: skal framleis gjelde med ny varigheit 10 år etter vedtak

ID	PlanID	områdenamn	Areal (da)	Hovud føremål	Status varigheit
F02	2006011	Dyrnappen, Gbnr 95/23 Byrknes	110	fritidshus	Ikkje starta opp 10.02.2021
F10	2009004	Flolid Hyttegrend vest, Gbnr 23/3	35	fritidshus	Ikkje starta opp 21.06.2022

ID	PlanID	områdenamn	Areal (da)	Hovud føremål	Status varigheit
KB05	2010004	Sollibotn industriområde, endring	215	Industri	RP godkjent 29.04.2024
F04	2010005	Merkesdalsvågen, Gbnr 94/1	389	fritidshus	Ikkje starta opp 20.12.2022
F61	2010006	Hjartholm, Gbnr. 135/2,12 og 136/6,reguleringsendring	67	fritidshus	Terrengarbeid pågår 14.06.2021
F39	2010007	Kalvedalen, Gbnr. 75/4 KP2008 F8	46	fritidshus	vegbygging pågår 14.04.2021
V	2010011	Ferjekai Ytre Oppedal, reg. endring Gbnr. 118/17	38	ferjekai	i drift
V	2011003	Veg til Kyrkjeøy, endring	11	Veg	RP godkjent, erstatta del av 2002004 29.04.2024
KB20#	2011004	Kvernevågen gbnr 91/31,34,114,115 og 92/4 Mjømna	30 41	Fritidshus Anna bygg	RP godkjent 23.01.2025
KB17#	2011007	Tausevågen båthotell med hamn gbnr 95/19,13,17+.	34	næring	Terrengarbeid pågår 20.06.2023
F09#	2012004	Åmdalsvika, hytter	154	Fritidshus	RP godkjent 16.10.2024
I01	2012005	Skipavika Næringspark, Sande	356	Industri	bygging pågår, mindre reg. endring
F20	2012006	Randal hyttegrend, Gbnr. 86/3, reguleringsendring	101	Fritidshus	RP godkjent erstatta 2010009
F17	2012007	Fivelsdal hytter, Fivelsdal	258	Fritidshus	RP godkjent 29.04.2024
I05 I06	2013001	Halsvik spolebase industriområde, Gbn.r 63/1, 15, Halsvik	740	industri	i drift
I05	2013002	Alexela industriområde	-	Industri	RP godkjent 29.04.2024
AB01#	2014001	Gangstøklubben, 15/250 mm Eivindvik	18	Rorbuer mm	RP godkjent + små endring, 20.02.2025
FT12#	2014004	Mjømna bobil camp og båtferie		Turisme	RP godkjent 03.09.2025 mindre endring
B05#	2014005	Prestesundet bustader, Eivindvik		Bustad	RP godkjent 03.09.2025
N05#	2015001	Fryserilagar, slakteriet Kalvøyna		Næring	RP godkjent 03.09.2025

### 3.0 Arealbruk i strandsona #

Gulen kommune er ein kystkommune der mykje av landarealet som er eigna for utbygging ligg i strandsona. Byggjeaktiviteten i Gulen har vore og er sterkt knytt til sjøen.

For å sikre ei god forvaltning av strandsona, vart gjennomført utarbeiding av ei strandsoneanalyse. Rapportane for strandsoneanalyse vart teke med i planutgreiing. (Sjå [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no) → strandsoneanalyse)

### 4.0 Vindkraft #

I plankartet for kommuneplanen sin arealdel er områda avsett til mulig utviklingsområde for vindkraft. Jf. Pbl. er områda presentert i arealdel som bandlagt område etter anna lov (NVE). R 1-1-C inneheld retningsliner for plassering.

Oversikt av aktuelle areala for vindkraftanlegg med status:

1. Brosviksåta, NVE har gitt konsesjon, , bandlagt område. Kommunestyret har godkjent området . Tiltakshavar har trekt konsesjon.
2. Dalsbotnfjellet, NVE har gitt konsesjon, høyringsrunde, bandlagt område. Konsesjon er under revisjon.
3. Sandøyna, NVE har avslått forslag, høyringsrunde, bandlagt område.
4. Seternesfjell, Tiltakshavar har trekt planlegging, planlagt areal vart teke ut av arealdel.

Opplysingar om status, sjå [www.nve.no/no/Konsesjoner/Vindkraft-2/](http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Vindkraft-2/)

### 5.0 Sambindingsvegar

Innan denne arealplankart, sjå eige arealplankart 2012001-007, er teke med nye traser for sambindingsvegar. Planlagd areal for vegtrase er vist som 'ikkje juridisk bindande' formål. Det betyr at det er krav for utarbeiding av alternativanalyse for plassering av vegen i terrenget før regulering.

Det føreligg idear om nye vegar som vil binde kommunen betre saman.

Dersom planen skal fastsetje nye trasear for hovudvegar, er det ei føresetnad med utgreiing av alternative realistiske løysingar og konsekvensar tiltaka vil medføre.

Ideane er førebels på skissenivå, og vert difor òg synt som illustrasjonar på eige kart som vedlegg.

Områda er i all hovudsak synt som LNF-område, og det bør visast varsemd med å gje dispensasjonar som vil gjere seinare vegbygging vanskeleg.

I forhold til trafikksikkerheit er det starta opp eige planprosess med planprogram for rullering av «kommunedelplan for trafikktrygging».

## 6.0 Dispensasjonar #

Det kan gjevast dispensasjon frå reglar gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova når "særlege grunnar" ligg føre, jf. Pbl. Kapittel 19. Dispensasjon er eit verkemiddel for å kunne korrigere for utilsikta verknader av reglane.

### ***Ingen har krav på dispensasjon.***

Bruk av dispensasjon skal være unntaket, ikkje regelen i sakshandsaming av plan- og byggesaker. For at vilkåret skal vere oppfylt, må det ligge føre spesifiserte, klare grunnar som etter ei konkret vurdering er av ein slik tyngde at dei kan slå igjennom overfor dei omsyna planen er meint å ivareta.

Det er **søkjar** som skal påvise dei grunnane som ein meiner talar for at planen kan fråvikast, men skal så tidleg som mogleg i prosessen gjerast kjend med vilkår for dispensasjon.

***Ein kan få nærare opplysingar op heimesider av kommunen og Fylkesmannen:***

***[www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no) → dispensasjon eller  
Byggjetiltak som ikkje krev søknad og løyve***

***[www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no) → Sogn og Fjordane***

***~~Kommunen viser til brev dagsett 23.4.12 som rettleiar frå Fylkesmannen med sjekklister for dispensasjon. Tilpassa rettleiar er vedlagt som separat dokument som kan brukast ved utarbeiding av søknaden.~~***

## 7.0 Utbyggingsavtalar etter Pbl. § 17.

Plan- og bygningslova § 17-1 definerer nærare uttrykket utbyggingsavtalar;

*“Med utbyggingsavtale menes en avtale mellom kommune og grunneier eller utbygger om utbygging av et område, som har sitt grunnlag i kommunens planmyndighet etter denne lov, og som gjelder gjennomføring av kommunal arealplan.”*

§ 17-2 tek for seg føresetnadene for å bruke utbyggingsavtalar;

*“Utbyggingsavtaler må ha grunnlag i kommunale vedtak fattet av kommunestyret selv som angir i hvilke tilfeller utbyggingsavtale er en forutsetning for utbygging, og som synliggjør kommunens forventninger til avtalen.”*

I sak 0087/06 gjorde kommunestyret slikt vedtak:

1. Gulen kommune gjer i medhald av plan- og bygningslova § 17-2 vedtak om at det kan nyttast utbyggingsavtale i heile kommunen.
2. Aktuelle situasjonar kan t.d. vere:
  - Opprusting/utbetring av teknisk infrastruktur ved utbygging av kraftverk, vindmøllepark, industriområde
  - Opprusting/utbetring av teknisk infrastruktur ved utbygging av hyttefelt, bustadfelt
  - Kvalitetstiltak ved utbygging i tilknytning til områder av særleg interesse t.d. Gulatingsparken
3. Gulen kommune vil i sitt arbeid med rullering av kommuneplan utarbeide hovudprinsipp for kostnadsdeling ved utbygging.

### 7.1.F Føresegner:

- § 7-1-A      Kommunen skal ved melding om oppstart av planarbeid, i samråd med utbyggjar, vurdere om det er behov for utbyggingsavtale for å sikre og lette utbygginga og opparbeiding/vedlikehald av fellesanlegg og område for ålmenta.
- § 7-1-B      For nye område og område som er under regulering, skal det **parallelt** med reguleringsplanarbeidet gjerast utbyggingsavtale mellom kommunen og utbyggjar for å sikre viktige samfunnsinteresser og ei tenleg utvikling og vedlikehald av fellesressursar innan det regulerte området.
- § 7.1.C      Utbyggingsavtale skal vera i tråd med mål, retningsliner og føresegner i kommuneplanen. Kommunen kan etter skjønn gjera unntak frå avtalekravet.

§ 7.1.D Kommunen skal etter behov inngå utbyggingsavtaler for følgjande føremål:

*1 Teknisk og grøn infrastruktur:*

Veg, vatn anløp  
Gang og sykkelveg  
Friområde, leikeareal og grønstruktur

*2 Bustadpolitiske tiltak og bygningar si utforming:*

Fordeling av bustadtypar og leilegheitsstorleik og sikring av minstestorleik.

Krav til utforming som går lenger enn det som kan vedtakast i plan.

Forkjopsrett for del av bustader til marknadspris (kommunen eller andre).

Sikre ein samfunnsgagnleg eigedomsstruktur, særleg for å motstå bruksendring

til privat fritidsbruk av bustad- og næringseigedom.

*3 Andre tiltak som er naudsynt for gjennomføring av planvedtak.*

**7.1.R: Retningsliner for utbyggingsavtaler:**

R 7-1-A: Hovudprinsipp for kostnadsdeling ved utbygging av intern og ekstern teknisk infrastruktur:

*Veg:*

Utbyggjar kostar og opparbeider nyanlegg og oppgradering av offentleg veg som er naudsynt for utvikling av området.

Kommunen/fylkeskommunen overtar offentleg veg og vedlikehald av denne ferdig opparbeidd.

*Parkering:*

Som veg, men der parkering er open for ålmenta til forsamlingslokale, rekreasjon m.m., kan kommunen etter avtale gje tilskot til opparbeiding.

*Vassforsyning/kloakk:*

Kommunen kan etter avtale gje tilskot til delar av vassforsyningsanlegg/avløpssystem for å oppdimensjonere desse av omsyn til vidareutvikling av offentleg nett.

*Energi:*

Utbyggjar/leverandør dekkjer alle utbyggingskostnader.



R 7-1-B: Hovudprinsipp for kostnadsdeling ved utbygging av anna nødvendig infrastruktur:

*Grønstruktur inkl. leikeplassar, balløkker, badeplassar og andre friområde/friluftsområde/naturvernområde/område for tilrettelagde kulturminne med meir:*

Utbyggjar skal skjerme slike områder under utbygging og tilrettelegge tilkomst og grunnforhold. Etter søknad og varig avtale om vedlikehald, kan kommunen gje tilskot til tilrettelegging av felles grønstruktur til lokal velforeining, andre organisasjonar eller grunneigar. Dette gjeld også utandørs møteplassar i tettstadar/bygdesentra.

## 8.0 INTERKOMMUNAL PLAN FOR FENSFJORDEN

### Føresegner og retningslinjer

Sist revidert 24.09.2012, innarbeidd 12.06.14, mindre endringar 15.12.15

*Opphavleg godkjent i kommunestyremøte 20.12.12 i Gulen, saksnr. 084/12 med PlanID 1411 2010003*

*Innarbeidd og vidareført godkjent i kommunestyremøte 12.06.14, saksnr. 032/14*

*Sjå «arealplankart gulen 2012001-3 Fensfjorden 20151215» for avgrensa del av arealdelen for Gulen.*

### VERKNADER AV PLANEN

Interkommunal plan for Fensfjorden er utarbeidd i samsvar med reglane i plan- og bygningslova (pbl) kapittel 9 om interkommunalt plansamarbeid. Planen er utarbeidd som kommunedelplan, og har juridisk status som arealdel av kommuneplan, jamfør plan- og bygningslova kapittel 11 om kommuneplan.

Føresegnene er saman med plankartet juridisk bindande for framtidig arealbruk, jamfør plan og bygningslova § 11-6.

Den formelle delen av planen er: *(desse er vidareført i arealdelen for Gulen 2012001)*

- Plankart i målestokk 1:35 000, datert 01.10.2012.
- Plankart for havbotn i målestokk 1:35 000, datert 01.10.2012
- Føresegner og retningslinjer, datert 24.09.2012.

Føresegnene inneheld både generelle føringar som gjeld for fleire arealbruksføremål og særskilte føresegner knytt til det enkelte arealbruksføremålet. Føresegnene er rettsleg bindande og dei er sett i ramme.

Retningslinjene til kvart føremål følgjer fortløpande etter føresegnene. Dei gjev ikkje direkte heimel for vedtak, men er likevel viktige ved at dei presiserer kommunestyret sin politikk og ynskjemål for utviklinga i planperioden. Innhaldet skal leggast til grunn for arealplanlegging og byggesakshandsaming.

Ny plan går ved eventuell motstrid framfor eldre plan for same areal, med mindre anna er fastsett i den nye planen, jamfør plan- og bygningslova § 1-5, 2. ledd. Dette vil sei at interkommunal plan for Fensfjorden ved motstrid gjeld framfor tidlegare vedtekne planar, så lenge det ikkje går eksplisitt fram av desse føresegnene at den eldre planen framleis skal gjelde.

### ORDFORKLARINGAR

**Interkommunalt plansamarbeid** er eit samarbeid om planlegging som omfattar to eller fleire kommunar, og vert styrt etter kapittel 9 i plan- og bygningslova.

Samarbeidet kan omfatte alle kommunale plantypar, og nyttast når det av ulike omsyn er ønskjeleg å samordna planlegginga over kommunegrensene. Planarbeidet vert leia av eit styre med same tal representantar frå kvar kommune, med mindre kommunane er samde om noko anna. Dei deltakande kommunane kan overføra mynde til styret til å treffa vedtak om planprosessen, under dette vedtak av planprogram og utlegging til offentleg ettersyn. Kvart kommunestyre treff endeleg planvedtak for sitt område.

**Arealdelen av kommuneplanen** skal fastsetje hovudtrekka for korleis areala skal brukast og vernast, og kva viktige omsyn som må vurderast ved disponering av areala

og korleis areala samla sett skal disponerast for å nå måla for samfunnsutviklinga. I tillegg til å ha ein arealplan for heile kommunen, kan kommunen utarbeide kommunedelplanar for delområde.

Ein arealdel omfattar arealkart, føresegner og ei planskildring med konsekvensutgreiing, jamfør § 4-2 andre ledd. Jamfør § 1-5, som viser til at ein vedtatt plan skal leggjast til grunn for vidare planlegging og forvaltning mv., og til § 11-6 om at arealdelen av kommuneplanen er bindande for framtidig arealbruk.

**Reguleringsplan** er eit arealplankart med tilhøyrande føresegner som fastlegg bruk, fleirbruk og vern i bestemte område, og som gjev grunnlag for avklaring av kva byggje- og anleggstiltak som kan gjennomførast i planområdet. Større byggje- og anleggstiltak utløyser alltid krav om reguleringsplan, jf. pbl § 12-1. Krav om reguleringsplan går elles fram av føresegnene. Det er krav om planskildring og risiko- og sårbaranalyse (ROS-analyse) for alle reguleringsplanar, jf. plan- og bygningslova §§ 4-2 og 4-3. Reguleringsplan kan utarbeidast som områderegulering eller detaljregulering.

*Områderegulering* er primært ei planform som vert utarbeidd av kommunen etter krav i kommuneplanen sin arealdel, eller der kommunen etter tilhøva finn at det er naudsynt å utarbeide slik reguleringsplan for et område for å ivareta verneomsyn eller for å legge til rette og setje rammer for vidare planlegging, utvikling og bygging.

*Detaljregulering* vert nytta for å følgje opp og konkretisere overordna arealdisponering i kommuneplanen sin arealdel eller områderegulering. Både private og offentlege aktørar kan utarbeide detaljregulering.

**Utbyggingsavtale** er ein avtale mellom kommunen og grunneigar eller utbyggjar om utbygging av eit område, som har grunnlag i kommunal planmynde etter plan- og bygningslova og kommunal arealplan.

## **ANNA LOVVERK SOM VEDKJEM PLANLEGGINGA**

### **Kulturminnelova**

Undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova skal oppfyllest i alle byggeområde, også i sjøen. Ved søknad om tiltak i sjø, skal saka sendast til kulturminnemynde for vurdering. Dette gjeld både marine kulturminne og sjøbruksmiljø.

### **Hamne- og farvasslova**

Tiltak som bygging, graving, utfylling og andre tiltak som kan påverke tryggleiken eller framkomsttilhøva i sjøområda krev løyve frå kommunen, jf. havnl. § 27, første ledd.

## **1 GENERELLE FØRESEGNER OG RETNINGSLINER, PBL § 11-9**

1.1 Utbyggingsavtalar skal utformast i samsvar med til ei kvar tid gjeldande retningslinjer for bruk av utbyggingsavtalar i kommunen. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 2.

1.2 Det er ikkje tillate å ankra opp flytande konstruksjonar som husbåtar og lekterar lenger enn 2 månader utan løyve frå kommunen. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 6.

1.3 Nye tiltak må ikkje skjemme verneverdige kulturminne eller kulturlandskap. Ved tiltak nærare eit kulturminne enn 50 meter skal saka leggjast fram for kulturminnestyresmaktene. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 7.

1.4 Verneverdige enkeltbygningar, kulturmiljø og andre kulturminne skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressursar og setjast i stand. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 7.

1.5 Undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova skal oppfyllest i alle byggeområde, også i sjøen.

Ved søknad om tiltak i sjø, skal saka sendast til kulturminnemynde for vurdering. Dette med tanke på både marine kulturminne og sjøbruksmiljø.

1.6 Ved utarbeiding av kommuneplanar, reguleringsplanar og ved søknad om tiltak, skal planar og tiltaka sine konsekvensar for eksisterande aktivitetar og for natur-, miljø-, og kulturverdiar i planområdet, skildrast og takast omsyn til. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 6, 7 og 8.

1.7 Nye reguleringsplanar eller tiltak etter pbl § 20-1 bokstav a, b, d, g, j eller m innanfor planområdet er berre tillate dersom det kan dokumenterast tilfredsstillande risikotilhøve.

*Retningslinjer:*

1.8 Reguleringsplanar bør utformast i samsvar med kommunane si startpakke for reguleringsplanar (Regionrådet Nordhordland IKS / Nordhordland digitalt). Sjå [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no) (# endra)

1.9 BKK Nett AS bør kontaktast på eit tidleg tidspunkt i ved planlegging av tiltak som kan råke ved høgspennings kraftnett.

## **2 SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR, PBL § 11-7 NR. 2**

### **Hamn**

2.1 Arealføremålet er samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur, underføremål hamn, jf. pbl § 11-7 nr. 2. Tiltak til andre føremål enn hamn er ikkje tillate.

2.2 Område merka "ventebøye" kan nyttast til fortøyingsbøyer for skip. Det kan etablerast inntil éi fortøyingsbøye i kvart område, og fortøyingsbøyene skal plasserast midt i sirkelen og fortøyast med bolt (ankerfortøyning vert ikkje tillate) i havbotn innafor føremålsgransa. Heimel: Pbl §§ 11-9 nr. 5 og 11-10 nr. 2.

2.3 Område merka "hamn" skal nyttast til hamneaktivitetar knytt til industri- og hamneområde på land. Områda skal inngå i reguleringsplan før tiltak som krev søknad og løyve etter pbl §§ 20-1 og 20-2 kan tillatast. Reguleringsplanen skal vise plassering av bygningar og anlegg, planerings- og bygningshøgder samt terrenghandsaming. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 1.

2.4 Planlegging og utbygging av hamneområde skal utførast slik at bygg og anlegg ikkje tek skade av høg vasstand (2,5–3 meter). Heimel: PBL §11-10 nr. 2.

### **Trasear for teknisk infrastruktur**

2.5 Arealføremålet er samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur, underføremål trasear for teknisk infrastruktur, jf. pbl § 11-7 nr. 2. Arealføremålet gjeld på havbotnen, og viser trasear for gass-, olje- og kraftforsyning. Tiltak som er til hinder eller skade for dette føremålet er ikkje tillate.

*Retningslinjer:*

2.6 Ankring eller annan aktivitet som råkar havbotnen og som kan vere til skade for gass-, olje- eller kraftleidningar bør unngåast i desse områda.

## **3 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE**

## **STRANDSONE, PBL § 11-7 NR. 6**

### **Bruk og vern av sjø og vassdrag (fleirbruksområde NFFF)**

3.1 Føremålet er bruk og vern av sjø og vassdrag, utan spesifisert underføremål, jf. pbl § 11-7 nr. 6. Dette er fleirbruksområde for natur, friluftsliv, ferdsle og fiske (NFFF). For områda i Austrheim merka "FNFFA" i plankartet vert føresegner i gjeldande kommuneplan vidareført.

3.2 Tiltak eller inngrep som er i konflikt med natur, friluftsliv, ferdsle eller fiske er ikkje tillate. Dette er likevel ikkje til hinder for naudsynt fortøying av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmpumper, straum- og telenett som ikkje er til ulempe for føremålet. Heimel: Pbl § 11-11 nr. 3.

### **Farlei**

3.3 Føremålet er hovud- og bifarleier i sjø, jf. pbl § 11-7 nr. 6. Området viser farleiene sin arealmessige utstrekning slik dei er fastsett gjennom forskrift av 30. november 2009 nr. 1477 (forskrift om farleder). I tillegg er hovud- og bifarleiene vist med ei stipla line som syner hovudtrafikkretningane i leiene.

3.4 Tiltak som kan vere til ulempe for sjøtrafikk i hovud- og bileiene er ikkje tillate, under dette akvakultur og flytebrygger. Farleiene kan nyttast til annan ferdsle, fiske og friluftsliv når det ikkje er til vesentleg ulempe for sjøtrafikken. Føremålet farlei er ikkje til hinder for naudsynt fortøying av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmpumper, straum og telenett samt røyrleidningar for olje og gass. Heimel: Pbl § 11-11 nr. 3.

3.5 I område der arealføremåla "farlei" og "fiske" overlappar, har "farlei" prioritet framfor fiske og det skal ikkje tillatast tiltak eller aktivitetar som kan vere til ulempe for føremålet "farlei".

### **Ferdsle (ankringsområde)**

3.6 Føremålet er ferdsle, og gjeld ankringsområde i sjø, jf. pbl § 11-7 nr. 6.

3.7 Ankrande skip har prioritet innafor desse områda. Tiltak som er i konflikt med ankringsføremålet er ikkje tillate, under dette fortøying av anlegg for akvakultur og utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmpumper, straum- og telenett. Ankringsområda kan nyttast til ferdsle, fiske og friluftsliv når det ikkje er til vesentleg ulempe for ankring. Heimel: Pbl § 11-11 nr. 3.

### **Naturområde**

3.8 Føremålet er naturområde i sjø, jf. pbl § 11-7 nr. 6.

3.9 Naturverdiar har prioritet innafor desse områda. Tiltak som kan redusere naturverdiane er ikkje tillate. Dette er likevel ikkje til hinder for tradisjonelt friluftsliv, ferdsle eller fiske. Heimel: Pbl § 11-11 nr. 3.

### **Friluftsområde**

3.10 Føremålet er friluftsområde i sjø, jf. pbl § 11-7 nr. 6.

3.11 Friluftsliv har prioritet innafor desse områda. Tiltak eller inngrep som er i konflikt med natur- eller friluftinteressene er ikkje tillate. Dette er likevel ikkje til hinder for naudsynt fortøying av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmpumper, straum- og telenett. Heimel: Pbl § 11-11 nr. 3.

### **Kombinert føremål (natur og friluftsliv)**

3.12 Føremålet er natur- og friluftsområde i sjø, jf. pbl § 11-7 nr. 6.

3.13 Naturverdiar og friluftsliv har prioritet innafor desse områda. Tiltak eller inngrep som er i konflikt med natur- eller friluftssinteressene er ikkje tillate. Heimel: Pbl § 11-11 nr. 3.

### **Akvakultur**

3.14 Føremålet er område for akvakultur, jf. pbl § 11-7 nr. 6.

3.15 Tiltak som kan hindra eller forstyrre akvakulturverksemd, skal ikkje tillast på områda. Søknader om tiltak/inngrep på områda, skal leggjast fram for Hordaland eller Sogn og Fjordane fylkeskommune for uttale, før vedtak vert fatta. Heimel: Pbl § 11-7 nr. 6.

3.16 Ved endring av eksisterande eller ved etablering av nye akvakulturanlegg skal arealet som vert nytta til fortøyingar dokumenterast med koordinatar og rapporterast til kommunen og Kystverket.

### **Småbåthamn**

3.17 Føremålet er småbåthamn med tilhøyrande anlegg, jf. pbl § 11-7 nr. 6.

3.18 I område sett av til småbåthamn skal tiltak som krev søknad og løyve etter pbl §§ 20-1 og 20-2 inngå i reguleringsplan før tiltak er tillate. Det vert gjeve unntak frå kravet om reguleringsplan for mindre anlegg med plassering og storleik som spesifisert under. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 1.

*Område: Maksimal storleik (med utliggarar):*

3.19 Småbåthamnene skal planleggjast slik at dei ikkje tek unødig skade av sterk vind. Heimel: Pbl § 11-10 nr. 2.

### **Fiske**

3.20 Føremålet er fiskeområde, under dette trålfelt for rekefiske, kaste- og låsettingsplassar, jf. pbl § 11-7 nr. 6.

3.21 Tiltak som kan hindra fisket, skal ikkje tillast på eller i nærleiken av områda, under dette flytebrygger, kaiar, fortøying av anlegg for akvakultur og utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmpumper, straum- og telenett. Fiskeområda kan nyttast til ferdsle og friluftsliv når det ikkje er til vesentleg ulempe for fiskeriverksemda. Søknader om tiltak/inngrep på eller i nærleiken av områda, skal leggjast fram for fiskeridirektøren for uttale, før vedtak vert fatta. Heimel: Pbl § 11-7 nr. 6.

3.22 I område der arealføremåla "fiske" og "farlei" overlappar, skal "farlei" prioriterast framfor "fiske" og det skal ikkje tillast tiltak eller aktivitetar som kan vere til ulempe for føremålet "farlei".

## **4 OMSYNSSONER, PBL § 11-8**

### **Faresoner**

4.1 Faresonene syner fareområde storulukke. Sonene markerer faresona rundt verksemdar omfatta av storulukkeforskrifta. Ved utarbeiding av reguleringsplan eller søknad om tiltak etter pbl § 20-1 bokstav a, b, d, g, j eller m innafor sona, skal det gjerast ei risikovurdering. Nye slike tiltak er berre tillate dersom det kan dokumenterast tilfredsstillande risikotilhøve. Heimel: Pbl § 11-8 tredje ledd bokstav a.

### **Område bandlagd etter naturvernlova (naturreservat)**

4.2 Sona viser område verna etter naturvernlova, merka med påskrifta naturreservat. Innafor områda er det verneforskrifta som er styrande for all bruk. Heimel: Pbl § 11-8 tredje ledd bokstav d.

#### **Område bandlagd etter kulturminnelova (marine kulturminne, merka rune-R)**

4.3 Sona viser marine kulturminne som er freda etter kulturminnelova, merka rune-R. Innafor desse områda gjeld føresegnene i kulturminnelova. Heimel: Pbl § 11-8 tredje ledd bokstav d.

#### **Område bandlagd etter energilova**

4.4 Sona viser område bandlagt i påvente av vedtak etter energilova, og gjeld ny 420 kV kraftleidning Modalen–Mongstad og gassrørleidning til Sløvåg.. Tiltak som kan kome i konflikt med planlagt kraftleidning eller gassrørleidning er ikkje tillate. Heimel: Pbl § 11-8 tredje ledd bokstav d.

#### **Sone for vidareføring av gjeldande reguleringsplan**

4.5 Reguleringsplanar i denne sona skal framleis gjelde. Ved motstrid gjeld reguleringsplanane framfor arealbruk og føresegner fastsett i denne planen. Heimel: Pbl §§ 1-5 andre ledd og 11-8 tredje ledd bokstav f.

#### **Sone med særskilte omsyn - gyteområde**

4.6 Omsyn naturmiljø – gyteområde. Sona viser viktige gyte- og oppvekstområde for marin fisk. Tiltak eller utslepp som kan vera til hinder for gytesuksess og/eller redusera områda sin kvalitet som oppvekstområde, bør så langt som råd unngåast. Søknader om tiltak/inngrep/utslepp på eller i nærleiken av felta, skal leggjast fram for fiskeridirektøren for uttale, før vedtak vert fatta. Heimel: Pbl § 11-8 tredje ledd bokstav c.

**Vedlegg:**

- 2012001-01: A0 Arealplan for kommuneplanen, M: 1:50 000 med berre føremålsareala  
For delkart sjå nedanfor liste med delplanar.
- 2012001-02: A0 Arealplan for kommuneplanen med omsynssoner, M: 1:50 000
- 2012001-03: A0 Arealplan for Fensfjorden området med sjøbotn, M: 1:25 000
- 2012001-04: A0 Arealplan for sjøområde med kombinerte føremål, M: 1:50 000
- 2012001-05: A0 Arealplan for byggegrense langs sjø, M: 1:50 000
- 2012001-06: A0 Arealplan for Potensielt skredfare, M. 1:50 000
- 2012001-07: A0 Arealplan for Sambindingsvegar og gang / sykkelvegar / stiar, M: 1:50 000
  
- Arealplan for 4 bygdene og industriområde A1:
  - 2012001-01-Br: Brekke, M. 1:5 000,
  - 2012001-01-Da: Dalsøyra, M. 1:5 000,
  - 2012001-01-By: Byrknes, M. 1:5 000 ,
  - 2012001-01-Ei: Eivindvik, M. 1:5 000,
  - 2012001-01-Sl: Sløvåg og Skipavika industriområde, M. 1:10 000